



Knut Runar Andersen
Grønfjellet 71 A
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/252 - 18/14204

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:
16.05.2018

Dispensasjon for oppføring av bod - gbnr 108/192 Lindås

Administrativt vedtak. Saknr: 198/18

Tiltakshavar: Knut Runar Andersen

Søknadstype: Søknad om dispensasjon etter plan- og bygningslova (pbl.) § 19-1

Tiltak

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå utnyttingsgrad i gjeldande reguleringsplan for oppføring av bod med bygd areal (BYA) ca. 15 m². Utnyttingsgrad er opplyst til 14 % BYA.

Det vert elles vist til søknad motteken .

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Kolås 1 er definert som bustadområde.

Tillate grad av utnytting etter gjeldande plan er 10 % BYA.

Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå gjeldande utnyttingsgrad.

Det er søkt dispensasjon med slik grunngjeving:

*Bygging av bod.
Ønsker å bygge en bod på inntil 15 m² i tillegg
til eksisterende garasje på 34 m².
Overstiger derved utnyttelsesgraden.
Areal på 108/192 er 347 m². Bod plus garasje vil
utgjøre 49 m²*

Nabovarsel



Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.
Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Fritak frå søknadsplikt

Det er ikkje søkt om etablering av bod etter plan- og bygningslova § 20-1. Vi gjer difor merksem på at tiltakshavar er ansvarleg for at tiltaket ligg innafor de reglane som gjeld for søknadsfritak. På DIBK.no kan de lese meir om kva rammar tiltaket må ligge innafor.

Tiltak som ikkje er søknadspliktig skal også meldast inn til kommunen når de er ferdig utført. Det skal sendast inn koordinater for endeleg plassering av tiltaket, og situasjonskart der tiltaket er vist i riktig målestokk. Dette for registrering i vår kartbase.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 24.01.2018.

Vatn og avløp (VA)

Tiltaket fører ikkje til endringar av vatn- og avlaupshandteringa.

Tilkomst, avkjørsle og parkering

Tiltaket fører ikkje til endra eller auka bruk av avkjørsle, tilkomst eller parkering.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

VURDERING:

Dispensasjon

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2.

For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispensert i frå ikkje verte vesentleg tilsidesett. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulemperne, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4).

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må liggje innafor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjon kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

Vurdering:

Tiltaket er etter plan- og bygningslova eit mindre tiltak og vil ikkje føre med seg ei stor endring i utnyttingsgraden for tomta. Det er administrasjonen si vurdering at omsyna bak utnyttingsgraden ikkje vert satt til side ved å dispensere for ei bod på 15 m² og at den framleis legg de same føringane for område.

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå § 12-4 rettsverknad av reguleringsplan jf. Utnyttingsgrad for oppføring av bod på 15 m².

Dispensasjon vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Når tiltaket er ferdig ført opp skal det sendast inn kart som synar faktisk plassering av boden, for registrering i vår kartbase.

Vi gjer merksam på at tiltaket kan vere søknadspliktig etter plan- og bygningslova §§ 20-1 og 20-2.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen. Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «ArkivSakID»

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Bortfall av løyve

Vedtaket om dispensasjon er gyldig i 3 år, jf. pbl § 21-9. Fristen kan ikkje forlengast. Det må ligga føre løyve til tiltak etter plan- og bygningslova innan utløp av 3 års fristen for vedtaket.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Knut Runar Andersen
Knut Runar Andersen

Grønfjellet 71 A 5955
Grønfjellet 71 A 5955

LINDÅS
LINDÅS